

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **21. februar 2024** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Olav Lande Rossebø.

MØTESTAD:	Bokn Arena, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.00
MØTANDE MEDLEMER:	Olav L. Rossebø (H), Sondre Tveita (Sp), Anne Løvereide Faye (Uavh.), Hans Jørgen Ognøy (KrF) og Daghild G. Alvestad (Uavh.)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Forvaltningsrevisor Miriam Rashidi og Linn Christin Bakken
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad og kommunalsjef oppvekst og kultur Ingrid Sofie Rundhaug
ANDRE SOM MØTTE:	Ordfører Egil Våge (Sp)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.11.23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 22.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 22.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/24 REVISJONSRAPPORT – «BOKN SKULE - ARBEIDSMILJØ»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Bokn skule - arbeidsmiljø» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Daghild G. Alvestad ønskte å få vurdert sin habilitet før saka vart handsama. Utvalet meinte ho var habil og at ho kunne delta i handsaminga.

Forvaltningsrevisor Miriam Rashidi viste ein presentasjon og gjorde greie for rapporten. Ho forklarte om føremål, problemstillingar og metode. Revisor gjorde greie for hovudfunna i rapporten.

Revisjonen meinte at rapporten viste at kommunen hadde fleire område som burde følgjast opp og forbetrast. Revisor hadde formulert to tilrådingar til kommunen.

Medlemmene drøfta rapporten og meinte den viste at det var alvorlege manglar ved Bokn skule, særleg innan HMS-arbeid, avvikshandtering, samarbeid og ressursar til leing.

Leiar fremma og leste opp eit alternativt framlegg til vedtak (same som vedtaket).

Leiar sitt framlegg blei samrøystes vedtatt.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24 og innstilling til kommunestyret:

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Bokn skule - arbeidsmiljø» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert sendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av tilrådingane, og ber kommunen sikre at det:*
 - *iverksettes tiltak som sikrer de lovpålagte oppgavene innenfor det systematiske HMS-arbeidet på Bokn skole. Det inkluderer å*
 - *planlegge og gjennomføre HMS-møter med tillitsvalgte og verneombud i tråd med Bokn kommunes veileder for HMS-grupper*
 - *involvere ansatte i HMS-arbeidet på skolen*
 - *gjennomføre risikovurderinger med tilhørende handlingsplaner i samarbeid med ansatte og deres representanter*

Møte nr. 1/24

- *arbeide med å skape en forståelse for hva som er avvik på Bokn skole, sikrer tilstrekkelig opplæring i avvikssystemet og oppmuntrer ansatte til å melde avvik*
 - *gjennomføre vernerunder og medarbeidersamtaler årlig*
 - *blir gjennomført systematisk samarbeid mellom ledelsen, lærere og fagarbeidere på Bokn skole*
 - *det er tilstrekkelig ressurser i ledergruppen for å følge opp lovpålagte oppgaver.*
3. *Bokn kommunestyre ber kommunedirektøren sørge for at tiltaka blir lagt inn i skulens årshjul så snart som mogleg, og seinast innan 01.08.24.*
4. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 03/24 ROGALAND REVISJON IKS - OM REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 13.11.23 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Utvalssekretær gjorde kort greie for saka og revisor sitt engasjementsbrev. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 13.11.23 til orientering.

SAK 04/24 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

22.05.24	administrasjonen v/kommunedirektør
18.09.24	helse og omsorg v/kommunalsjef
13.11.24	teknisk sjef
1. møte 2025	oppvekst, kultur og idrett v/kommunalsjef
2. møte 2025	økonomiavd. v/økonomisjef
3. møte 2025	administrasjon v/kommunalsjef
4. møte 2025	personalsjef

Tidsramma vert sett til 30 minuttar inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Leiar gjorde greie for saka. Medlemmene meinte forslaget var bra, men ønskte å få ei orientering om oppvekst i løpet av dette året. Utvalet blei samd om å bytte dato for oppvekst og teknisk. Det blei ikkje gjort andre endringar i forslaget.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

22.05.24	<i>administrasjonen v/kommunedirektør</i>
18.09.24	<i>helse og omsorg v/kommunalsjef</i>
13.11.24	<i>oppvekst, kultur og idrett v/kommunalsjef</i>
1. møte 2025	<i>teknisk sjef</i>
2. møte 2025	<i>økonomiavd. v/økonomisjef</i>
3. møte 2025	<i>administrasjon v/kommunalsjef</i>
4. møte 2025	<i>personalsjef</i>

Tidsramma vert sett til 30 minuttar inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 05/24 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SI ÅRSMELDING 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2023 (med evt. endringar/tillegg).

og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2023 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Utvalssekretær gjorde greie for forslaget til årsmelding. Meldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2023.

Medlemmene hadde ingen særskilte merknader, og meinte det var ei god og innhaldsrik årsmelding.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2023..

Innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2023 til orientering.

SAK 06/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

1. Statusrapport pr. februar 2024
2. Tertialrapport frå Rogaland revisjon pr. 31.12.23
3. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 08.12.23
4. Oppsummering frå konferansen i Sandnes 18.01.24
5. Oppsummering frå NKRFs kontrollutvalgskonferansen 31.01 – 01.02.24
6. Invitasjon til FKT sin fagkonferanse 4. - 5. juni på Gardermoen
7. Statsforvalteren i Rogaland - informasjon om statlige tilsyn med kommunene i 2024

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Leiar og utvalssekretær gjorde greie for referatsakene. Sondre Tveita fortalte frå ein interessant konferanse i Sandnes. Olav L. Rossebø, Daghild G. Alvestad og Hans Jørgen Ognøy fortalte frå ein stor og lærerik konferanse på Gardermoen.

Utvalsmedlem som ønskjer å reise på FKT-konferansen i juni gir beskjed til sekretariatet.

Ordførar refererte frå eit møte i Ølen i regi av Haugalandsrådet. I møtet hadde det blitt informert om mange aktuelle saker som rører seg i regionen.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.02.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 1 - 7 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

I etterkant av møtet hadde Rogaland Revisjon eit dialogmøte for å få innspel til arbeidet med risiko- og vesentleganalyse.

Neste møte: onsdag 22.mai kl. 18.00

Saker: kommunen sin årsrekneskap, forenkla etterlevingskontroll, orientering frå kommunedirektøren og presentasjon av ROV-analysen.

Bokn/Aksdal, 21. februar 2024

Olav Lande Rossebø
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær